

# **Verdiar i Nisedalselvi, Aurland kommune i Sogn og Fjordane**

VVV-rapport 2001-20



Utgitt av Direktoratet for naturforvaltning i samarbeid med  
Norges vassdrags- og energidirektorat og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

*Refereres som:*

*Fylkesmannen i Nord-Trøndelag: Natur- og kulturverdier i Salsvassdraget*

*Utgitt av Direktoratet for naturforvaltning i samarbeid med Norges vassdrag- og energidirektorat.*

*VVV-rapport 2001-1. Trondheim*

*Del I: Samlerapport 42 sider, 5 temakart.*

*Del II: Områder og objekter. Registreringsskjema 38 sider.*

*Kartdata: Statens kartverk N50. Tillatelsesnr. LKS82003-03647*

*Foto: Fylkesmannen i Nord-Trøndelag*

*Forsidefoto: Kvernasselva i Salsvassdraget og flyfoto over Straumen*

*Forsidelayout: Knut Kringstad*

**Verdiar i  
Nisedalselvi, Aurland kommune  
i Sogn og Fjordane**

**Vassdragsnr.: 071.5z  
Verneobjekt: 071/3  
Verneplan IV**

**VVV-rapport 2001-20**

---

*Rapport utarbeidd ved Fylkesmannen i Sogn og Fjordane*



<b>Tittel</b>	<b>Dato</b>	<b>Antall sider</b>
<i>Verdiar i Nisedalselvi</i>	<i>Kunnskapsstatus 2000</i>	<i>33s + 4 kart + vedlegg</i>
<b>Forfattar</b>	<b>Institusjon</b>	<b>Ansvarleg sign</b>
<i>Solveig Kalvø Roald</i>	<i>Fylkesmannen i Sogn og Fjordane</i>	<i>Jofred Takle</i>
<b>TE-nr.</b>	<b>ISBN-nr.</b>	<b>VVV-Rapport nr.</b>
986	82-7072-494-7	2001-20
<b>Vassdragsnamn</b>	<b>Vassdragsnummer</b>	<b>Fylke</b>
<i>Nisedalselvi</i>	<i>071.5z</i>	<i>Sogn og Fjordane</i>
<b>Verna vassdrag nr</b>	<b>Antall objekt/område</b>	<b>Kommuner</b>
<i>071/3</i>	<i>6</i>	<i>Aurland</i>
<b>Antall delområde med Nasjonal verdi (***)</b>	<b>Antall delområde med Regional verdi (**)</b>	<b>Antall delområde med Lokal verdi(*)</b>
2	1	1

## EKSTRAKT

*Nisedalselvi ligg i Aurland kommune og vart verna mot kraftutbygging i 1991.*

*VVV-prosjektet (Verdiar i verna vassdrag) er initiert av Direktoratet for Naturforvaltning (DN) og Noregs Vassdrags- og Energidirektorat (NVE). Formålet er å kartlegge og synleggjøre verneverdiane i verna vassdrag. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, på oppdrag frå DN og NVE, presenterer i denne rapporten dokumentasjon av kjende verdiar i Nisedalsvassdraget.*

*Nedbørssfeltet til vassdraget strekk seg frå havnivå og opp i 1662 m.o.h. Elva renn jamt i stryk, og her er relativt få fossar. Nedst er vassdraget kulturpåverka. Vassdraget peikar seg ikkje ut som referanseområde når det gjeld landskapsverdiar isolert sett, men må sjåas i samanheng med heile området rundt Nærøyfjorden. Landskapet er typisk for regionen her. På grunn av store kulturverdiar og landskapsverdiar i dei nedre delane av vassdraget er området verdfullt i friluftssamanheng.*

## SUMMARY IN ENGLISH

*The watershed of Nisedalsvassdraget is situated in the municipality of Aurland in Sogn and Fjordane. In 1993 this watershed was protected against development of future waterpower plants.*

*The Directorate for Nature Management (DN) and The Norwegian Water Resources and Energy Directorate (NVE) established a project for documentation of the areas with ecological and cultural values in protected watercourses. The County Governor of Sogn and Fjordane has worked out this report about the values in the river Nisedalsvassdraget.*

## 5 STIKKORD PÅ NORSK

*Prosesser og former skapt av is og vann  
Biologisk mangfold  
Landskapsbilde  
Friluftsliv  
Kulturminne*

## 5 KEYWORDS IN ENGLISH

*Landscapes developed by glaciers and water  
Versatile biological values  
Forms of landscapes  
Open air activities  
Archaeological discoveries and old buildings*



## FØREORD

Direktoratet for naturforvaltning (DN) og Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) er i fellesskap ansvarleg for prosjektet "Verdiar i verna vassdrag" (VVV-prosjektet). Føremålet er å gjere kunnskapen om verdiane lettare tilgjengeleg for kommunar og andre som forvaltar verna vassdrag med nærområde. Etter at Stortinget 1. april 1993 vedtok Verneplan IV for vassdrag, er 341 vassdragsobjekt verna mot kraftutbygging. Stortinget har fleire gongar presisert at verneverdiane i dei verna vassdraga ikkje må forringast av andre inngrep. Rikspolitiske retningslinjer (RPR) for verna vassdrag vart vedteke 10. november 1994. Retningslinjene gir kommunar, fylkeskommunar og statlege myndigheiter rammer for planlegging og forvaltning.

VVV-prosjektet skildrar verdiar innan prosessar og former skapt av vatn og is, biologisk mangfald, landskapsbilde, friluftsliv og kulturminne/miljø og skal ut frå eksisterande kunnskap synleggjere dei viktigaste verdiane. I tillegg kan det òg finnast andre verdiar som er viktige for vernet. I prosjektet vert det laga vassdragsvise rapportar som gir ein oversiktleg presentasjon av viktige område i tekst og på kart. Prosjektleiar for VVV-prosjektet er Elisabet Rosendal. Informasjonen i rapportane vil seinare verte tilgjengeleg med digitale kartdata. Ansvaret for utarbeiding av den enkelte rapport ligg til fylkesmannen i vedkomande fylke.

Nisedalselvi har sidan vedtak i Stortinget mars 1991 vore verna mot vasskraftutbygging (verneplan IV). Denne rapporten er utarbeida av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Rapporten presenterer dokumentasjon av kjende verdiar som finst i og ved vassdraget. Aurland Naturverkstad BA ved Solveig Kalvø Roald, for Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har stått for utarbeidninga av rapporten. Konsulentfirmaet BioTjenester ved June Breistein har vore engasjert for å slutføre rapporten til trykking og utlegging på Internett.

Trondheim - Leikanger - Aurland - Oslo

*Direktoratet for naturforvaltning  
naturbruksavdelingen*

*Ola Skauge,  
avdelingsdirektør*

*Norges vassdrags- og energidirektorat  
vassdragsavdelingen*

*Are Moeæk,  
avdelingsdirektør*

*Fylkesmannen i Sogn og Fjordane  
miljøvernnavdelinga*

*Nils Erling Yndesdal  
fylkesmiljøvernsjef*



# **INNHOLD**

## **FØREORD SAMANDRAG**

<b>1.0 INNLEIING .....</b>	<b>13</b>
1.1 Generell omtale av vassdraget.....	13
1.2 Hydrologi og vasskvalitet.....	13
1.3 Arealopplysningar .....	14
1.4 Målsetjing og avgrensingar .....	16
<b>2.0 PROSESSAR OG FORMER SKAPT AV IS OG VATN.....</b>	<b>18</b>
2.1 Andre geofaglege element .....	18
2.2 Utvalde delområde og objekt.....	18
<b>3.0 BIOLOGISK MANGFALD.....</b>	<b>19</b>
3.1 Ferskvassbiologi .....	19
3.2 Naturtypar .....	19
3.3 Vilt.....	20
3.4 Utvalde delområde og objekt.....	20
<b>4.0 LANDSKAPS BILDE .....</b>	<b>21</b>
4.1 Landskapsregion og sær preg .....	21
4.2 Framtredande landskapselement .....	21
4.3 Utvalde delområde og objekt.....	22
<b>5.0 FRILUFTSLIV .....</b>	<b>23</b>
5.1 Friluftsområde .....	23
5.2 Hytter, stinett, pilgrimsleder .....	23
5.3 Naturturisme .....	24
5.4 Jakt og fiske.....	24
5.5 Utvalde delområde og objekt.....	24

<b>6.0 KULTURMILJØ .....</b>	<b>26</b>
6.1    Verdfulle kulturlandskap .....	26
6.2    Andre kulturminne/-miljø .....	26
6.3    Utvalde delområde og objekt.....	27
<b>7.0 AKTUELLE TRUGSMÅL.....</b>	<b>28</b>
<b>8.0 LITTERATUR .....</b>	<b>29</b>
<b>9.0 KRITERIER OG VERDISETTING BENYTET I RAPPORTEN .....</b>	<b>30</b>
<b>10.0 KART.....</b>	<b>33</b>

## **VEDLEGG      Registreringsskjema**

## **SAMANDRAG**

*Vassdraget blei verna i 1993 i verneplan IV. Nedbørsfeltet har ingen fast busetnad.*

*Rapporten gjev ei temavis oversikt over tilgjengeleg kunnskap om verdfulle delområde/objekt i Nisedalselvi, jfr. kart kap. 10 og vedlegg med registreringsskjema. Desse områda er omtalt i dei enkelte kapitla i rapporten.. "Gradering" i tabellane nedanfor, er utført etter metodikken i rettleiar for VVV-prosjektet, der også kriteria er definerte (jfr kap. 9). Det er i alt registrert 6 delområde i nedbørsfeltet, av desse har to vurdert til å ha nasjonal verdi. Kulturminna er ikkje verdigraderte og er ikkje registrert på skjema, men dei blir omtala i rapporten og vist på kart.*

### **Fagleg samandrag**

*Vassdraget er nesten ikkje berørt og har ein viss referanseverdi, men som type- og referanseobjekt for Nærøyfjorden må fleire vassdrag vurderast saman for å dekke variasjonsbreidda. Nedre del av elva er mellombels verna som ein del av Styvi-Holmo landskapsvernområde. Dette området har naturverdiar i form av botanisk rike fjordlier. Området har høge natur- og kulturminnekvalitetar og er attraktivt for turismen, både som ein del av eit større område (Nærøyfjorden) og i seg sjølv. Det er også friluftsverdiar i høgfjellet. Her er store verdiar når det gjeld kulturlandskap, andre kulturverdiar er også godt representert i vassdraget.*

Tabellane viser til kart lengst bak i rapporten. Delområde med  
 \*\*\* er foreslått å tilsvara Nasjonal verdi,  
 \*\* Regional verdi,  
 \* Lokal verdi og  
 - Inga gradering

#### Prosessar og former skapt av is og vatn (P)

Ingen område er plukka ut.

#### Biologisk mangfald (B)

Nr	Namn delområde	Type område	Gradering
B1	Fjordliene ved Holmo	Botanisk rike fjordlier	*

#### Landskap (L)

Nr	Namn delområde	Type område	Gradering
L1	Utløpet til fjorden	Kraftig gjel ut mot fjorden	**

#### Friluftsliv (F)

Nr	Namn delområde	Type område	Gradering
F1	Styvi-Holmo	Landskapsvernområde med særskilde kvalitetar	***
F2	Undredal-Grindafletområdet	Høgfjellsområde	***

#### Kulturminne (K)

Nr	Namn på delområde	Type kulturmiljø	Gradering
K1	Holmo	Fjordlier med fleire kulturspor	-
K2	Postvegen Holmo - Styvi	Postveg frå 1600-tallet	-

## **1.0 INNLEIING**

### **1.1 Generell omtale av vassdraget**

Nisedalselvi munnar ut på sørsida av Nærøyfjorden. Landskapet er prega av eit is-erodert dalføre som er hengande i forhold til Nærøyfjorden. Dalen endar i ein botn. Fjelltoppane er for det meste avrunda men det finst og topper med alpine trekk. Elva renn jamt i stryk, og det er relativt få fossar (22). Nedst er vassdraget kulturpåverka. Nedbørsfeltet strekk seg frå havnivå og opp i 1662 m.o.h. (22).

Vegetasjonsgeografisk strekk vassdraget seg frå sør boreal til alpin vegetasjonssone. Vassdraget ligg i svakt oseanisk seksjon (A-O1, Nb-O1, Mb-O1, Sb-01) (19).

#### Klima

Det er ingen klimastasjonar i nedbørsfeltet, men dei klimatiske forholda er nok ikkje så ulike dei forholda ein elles finn i indre fjordstrøk i Sognefjorden, f.eks. Aurland og Lærdal. Her er klimaet kjølig oseanisk til svakt kontinentalt med forholdsvis liten årsnedbør. Årsnedbøren er noko over 400 mm i Lærdal og 600 mm i Aurland (22). Fjellområda har eit kjølig klima med høgre årsnedbør. På Myrdal (820 m.o.h.) er årsnedbøren ca 1600 mm/år, og den er truleg over 2000 mm i dei høgre fjellområda.

#### Generell inngrepsstatus for Nisedalselvi

Vassdraget er utan vegsamband og har ingen tekniske inngrep. Dei nedre delane av vassdraget er kulturpåverka men her er ingen fast busetnad innanfor nedbørsfeltet til vassdraget.

### **1.2 Hydrologi og vasskvalitet**

Nedbørsfeltet til Nisedalselvi har eit areal på 16 km<sup>2</sup> (22).

Nisedalen ligg høgt og går via eit kraftig gjel ned til fjorden. Her er lite vatn og myrar til å jamne ut vassføringa i elva. Her er lite vatn om vinteren, ein topp som kulminerer i juni, under snøsmeltinga, og om lag gjennomsnittsvassføring om hausten p.g.a. nedbør (17).

Berggrunnen hører til Jotundekket med stort sett ulike gneisar. Dette er bergartar som forvitrar lite, og dei tilfører dermed lite næringssalt til vassdraget. Det er ikkje gjort analyse av vasskvalitet eller organismesamfunn (17).

### **1.3 Arealopplysningar**

Bleiklindi, ei lind som ligg tvers over for Bakka, blei freda i 1933. Det gamle lindetreet har sein lauvsprett og eit spesielt lyst lauvverk (14).

Nedre del av elva er mellombels verna som ein del av Styvi-Holmo landskapsvernområde, som vart oppretta 18 oktober 1991. Formålet var å verne ein del av eit vakkert og interessant natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell, med geologiske førekomstar og kulturminne (8).

I ”ny landsplan for nasjonalparkar” (NOU 13:1986) er ein større del av fjordsystemet foreslått som nytt landskapsvernområde, Nærøyfjorden landskapsvernområde (6). Heile nedbørsfeltet ligg innanfor dette området. Verneforskriftene til landskapsvernområdet er no klare for sentral høyring.

I kommuneplanen til Aurland kommune (1991-2000) er heile nedbørsfeltet til vassdraget Landbruks- Natur- og Friluftsområde. Ny kommuneplan er under utarbeiding (1).

I samband med nasjonal registrering av kulturlandskap er Nærøyfjorden blant dei 10 høgast prioriterte kulturlandskapsområda i Sogn og Fjordane, med eit av kjerneområda innanfor landskapsvernområdet Styvi - Holmo (20).


#### Inngrepsfrie naturområde

Med inngrepsfrie naturområde meinar ein område som ligg lengre enn ein kilometer frå tyngre tekniske inngrep. Desse områda er vidare delt inn i soner basert på avstand til nærmeste teknisk inngrep: Inngrepsfri sone 2 (1-3 kilometer frå tyngre tekniske inngrep), inngrepsfri sone 1 (3-5 kilometer frå tyngre tekniske inngrep) og villmarksprega område (> 5 kilometer frå tyngre tekniske inngrep).

Arealstatistikk frå DN over inngrepsfrie naturområde i Noreg (3) syner at 12 % av landarealet er såkalla villmarksprega naturområde. I Sør-Noreg har slike område vorte dramatisk reduserte frå 27 % i 1900 til 5 % i 1994. Villmarksprega areal vart i perioden 1988 til 1994 redusert med 6,2 % i Sogn og Fjordane.


**Figur 1** Inngrepsfrie naturområde i Sogn og Fjordane

Gjenverande inngrepsfrie naturområde pr. januar 1994 saman med bortfall i perioden 1988-94



- **Teiknsforklaring**

- Mørkerauda område er areal som pr. januar 1988 var «villmarksprega område», men som på grunn av inngrep i perioden 1988-94 ikke lenger er «villmarksprega».
- Mellomraude område er areal som pr. januar 1988 var «inngrepsfrie områder sone 1», men som på grunn av inngrep i perioden 1988-94 ikke lenger er «sone 1».
- Lyserauda område er areal som pr. januar 1988 var «inngrepsfrie område sone 2», men som på grunn av inngrep i perioden 1988-94 er vorte «inngrepsnære».
- Mørkegrøne område er «villmarksprega område» pr. januar 1994.
- Mellomgrøne område syner det meste av «inngrepsfrie område sone 1» pr. januar 1994.
- Lysegrøne område syner det meste av «inngrepsfrie område sone 2» pr. 1. januar 1994.



**Figur 2** Grensene (grøn strek) til nedbørssfeltet til dei 5 verne vassdrag i Aurland kommune (Aurland kommune i gult). (Kartet er utarbeidd av Norges vassdrags- og energidirektorat)

## 1.4 Målsetjing og avgrensingar

Rapporten samanstiller og presenterar føreliggande kunnskap om natur-, kultur-, landskaps- og friluftslivsfaglege verdiar i nedbørssfeltet til Nisedalselvi. Det er lagt vekt på å i første rekke få med dei verdiene som er knytt direkte til vassdraget. Det er også tatt med verdiar i heile nedbørssfeltet så langt der er oversikt.

Verneverdiar i heile Styvi-Holmo landskapsvernområde vil bli omtalte, sjølv om delar av dette ligg utanfor nedbørssfeltet til vassdraget. Det er rett å behandle dette området under eitt.

Rapporten er skrive med utgangspunkt i rettleiar frå DN/NVE frå september 1997.

### Kunnskapsstatus

Verdiene i dei øvre delane av vassdraget er därleg dokumenterte. For denne delen bygger VVV-rapporten hovudsakleg på rapportar frå undersøkingar i samband med verneplan IV. Generelt er verneverdiar betre dokumentert i nedre del av vassdraget, innanfor grensene til landskapsvernområdet.

Status for ein del av verneverdiene kan vere endra etter at dei blei dokumenterte. Det kan og vere verneverdiar i tilknyting til vassdraget utover det som er kjent eller innhenta informasjon om i samband med dette prosjektet. Det har ikkje vore tilgjengelege ressursar til omfattande feltarbeid/kartlegging av verneverdiar i område med manglende informasjon.

## Kapittel 2: Prosessar og former skapt av is og vatn

Dette emnet er lite dokumentert i vassdraget. Området er ikkje systematisk undersøkt så ein kan derfor ikkje rekne med at denne rapporten klarer å fange opp alle aktuelle verneverdige objekt/delområde.

## Kapittel 3: Biologisk mangfald

I dei nedre delane av vassdraget er verneverdiar i samband med biologisk mangfald relativt godt dokumenterte, i områda utanfor landskapsvernombordet, er verdiane mangelfullt dokumenterte. Det er ikkje gjort kartleggingsarbeid i forhold til raudlisteartar (artar som er truga) i vassdraget.

## Kapittel 4: Landskapsbilde

Verdiar innanfor dette temaet er dårlig dokumentert, særleg i områda utanfor landskapsvernombordet. Fagleg vurdering av utvalde område manglar. Område er teke med på grunnlag av oppleving av landskapet i forhold til dei kriteria som er gitt.

## Kapittel 5: Friluftsliv

Verdiar innanfor dette temaet er relativt bra dokumentert. Litteratur i samband med landskapsvernombordet er brukt i tillegg til informasjon frå FRIDA-registeret, og Fylkesdelplan for Friluftsliv 1993-1996 (23).

## Kapittel 6: Kulturmiljø

Området i øvre delar av vassdraget er ikkje systematisk undersøkt så ein kan derfor ikkje rekne med at denne rapporten klarer å fange opp alle aktuelle verneverdige objekt/delområde. Verneverdiar i landskapsvernombordet er relativt bra dokumentert.

## **2.0 PROSESSAR OG FORMER SKAPT AV IS OG VATN**

### Berggrunnsgeologi

Berggrunnen i nedbørsfeltet hører til Jotundekket. Størstedelen av området har gabbroide bergartar. Ved Ornesholten og i eit smalt belte tvers over dalen mellom Nisedalen og Fessene er det anortosittiske bergartar. I ei sone mellom Stølshaug-Øyaskavlen og vatnet 1070 m.o.h. finst mangerittiske gneisar. Nord i denne sona og nedst i vassdraget er mindre område med kvartsitt (11, 17).

### Storformer

Nisedalen er ein iserodert dal som er hengande til Nærøyfjorden. Dalen ender i to botnar mot sør. Mot fjorden har elva utvikla eit imponerande gjel (11).

### **2.1 Andre geofaglege element**

Mot utløpet i fjorden fører elva kvart år med seg store mengder stein, grus, sand og slam som blir liggjande att på sidene når det flaumar over. Her har det etter kvart bygd seg opp ei elveslette eller ein grande (16).

Elva renn på fjell, oftaast nedskore i eit gjel-liknande løp. Dalsidene dei første 2-3 km inn i dalen er sterkt prega av skred og moreneavsetningar, dette gjeld særleg på austsida. Avsetningane er sterkt ravinerte. Lenger innover i dalen dominerer bart fjell og spreidde skredavsetningar. Ved Ornes ligg ei stor elvevifte (11).

Blokkhav og bart fjell er karakteristisk i høgfjellet (22).

### **2.2 Utvalde delområde og objekt**

I samband med dei undersøkingane som er gjort i området er det ikkje registrert geologiske førekomstar eller område som ser ut til å ha særleg stor verdi i naturvernsamanheng. Ingen delar peikar seg heller ut som spesielt veleigna til bruk som geologiske referanseområde (11).

Området er ikkje systematisk undersøkt så ein kan derfor ikkje rekne med at denne rapporten klarar å fange opp alle aktuelle verneverdige objekt/delområde.

## **3.0 BIOLOGISK MANGFALD**

### **3.1 *Ferskvassbiologi***

Elva renn for bratt til at fisk kan gå opp frå sjøen eller at innlandsfisk kan overleve her og har derfor inga interesse i fiskesamanheng (22).

### **3.2 *Naturtypar***

Vassdraget er nesten ikkje berørt og har ein viss referanseverdi, men som type- og referanseobjekt for Nærøyfjorden må fleire vassdrag vurderast saman for å dekke variasjonsbreidda (22). Alle vegetasjonssoner frå lågland til alpin sone er representerte (22), og naturtypane er karakteristiske for dei næringsfattige delane av regionen (17). I fjellet er det derfor lyng- og grasheier med lite næringskrevjande artar som dominerer. Snøleie- og rabbesamfunn er godt representerte (22), og langs elver og elvefar veks ein del vierkratt (15).

Dei alpine sonene er arealmessig dominerande. Dei andre vegetasjonssonene har liten utstrekning (22). Fjellplantar er dermed relativt godt representerte i området, men det er ikkje registrert næringskrevjande artar frå dette flora-elementet. Berggrunnen forvitrar seint og tilfører lite næringsstoff til vegetasjonen. Flora og vegetasjonen er derfor generelt fattig (22).

I dalføret opp mot Øyskavlen er det ei sone med amfibolitt, som kan gje noko betre næringstilhøve. Dette området kan dermed innehalde noko meir næringskrevjande artar, men dette sidedalføret er ikkje botanisk granska (15).

Ved fjorden er der grasdominerte engsamfunn (22), og ovanfor desse er der blandingsskog med bjørk, rogn selje og hegg (17). Elva har kantskog av gråor (22). Ovanfor det bratte partiet ned mot fjorden veks det subalpin bjørkeskog. Typen har ei tørr utforming og er dominert av røsslyng. På mark med meir fukt er blåbær dominerande (15).

Lia ovanfor Klungernes har ein del finmateriale i lausmassane og enkelte stader er det god moldjord og bra tilgang på fukt. Her finst blandingsskog med bjørk, osp, rogn, selje og hegg som dei viktigaste treslaga. Enkelttre av alm finst også, og nær dei gamle slåttene finst ein del or og hassel. Ein liknande skogtype finst og vest for Odneselvi. Botnvegetasjonen er sparsam da her er mykje skugge (16).

På elvesletta som er bygd opp mot utløpet i fjorden står det tett skog av gråor og bjørk på begge sider. Undervegetasjonen er minimal (16).

Av interessante plantefunn i området kan følgjande nemnast: Funn av rosett-karse på Holmo (1928), vanleg og grov nattfiol på Klungreneset (1928), på Klungreneset og på Myri er det funnet gulstarr og hårstarr (1928). Fjellfrøstjerne er funne på Myri (1928) (16).

### **3.3 Vilt**

Det finst svært få tilgjengelege opplysningar om vilt i området. Både hjort (sommarbeite) og rein har, i alle fall tidvis, tilhald i området (13).

Raudreven skal vere talrik i området, men storleiken på bestanden er usikker. Andre rovpattedyr i vassdraget er mink, røyskatt, snømus og truleg mår. Oter er tidlegare sett i elva. I fjorden er det også ein nokså stor bestand av steinkobbe (13).

Vassdraget er lite undersøkt med omsyn til fuglefauna, men mykje tyder på at vassdraget må karakteriserast som relativt artsfattig, dels fordi naturtypar som barskog, myr- og våtmarksområde manglar heilt (12). Vassdraget har og lite areal i låglandet, men har til tross for dette relativt rike spurvefuglførekommstar (22).

Nedbørsfeltet har fleire veleigna lokalitetar for klippehekkande rovfugl (22), Lirype er relativt vanleg i dalane og liene (13). Det er og observert sjeldne fuglar som kongeørn og kvitryggspett i området (10), begge desse er raudlisteartar.

### **3.4 Utvalde delområde og objekt**

#### **B1 Fjordliene ved Holmo**

Fjordliene ved Holmo er botanisk rike område som eignar seg som typeområde for indre fjordstrøk i Sogn og Fjordane. Her er stadvis samanhengande edellauvskogområde av almlindeutforming (14).

**Tabell 2 Verdivurdering v/Biologisk mangfald**

Nr	Namn delområde	Grad.	Hovudkriterium				Støttekriterium			
			H01	H06	H05	H07	S05	S06	S03	S04
B1	Fjordliene ved Holmo	*				x				

**NR.** Refererer til lokalitetens nummer på kartet bak i rapporten

**GRADERING** Angir lokalitetens verdi etter en samlet vurdering av hvilke hoved- og støttekriterier som er gjeldende. Gradering skjer etter en 4-delt skala:

\*\*\* Nasjonalt viktig verdi

\*\* Regionalt viktig verdi

\* Lokalt viktig verdi

- Ikke angitt verdi

H01 Urørt	S05 Biologisk funksjon
H06 Sårbart	S06 Arealstorleik
H05 Sjeldan	S03 Forskningsverdi
H07 Variasjon	S04 Pedagogisk verdi

## **4.0 LANDSKAPSBILDE**

Nærøyfjorden er den mest dramatiske fjorden i Sogn og Fjordane med omsyn til topografi, og er ein av dei få fjordarmane i fylket utan større inngrep som vegar og kraftlinjer i fjordsidene. Den 17 km lange fjorden er berre 240 m på det smalaste og har fjell som reiser seg steilt opp i 12-1400 m.o.h. Nærøyfjorden har av den grunn vore reisemål for turistar sidan slutten av førra hundreår (8). Nisedalselvi må sjåast som ein del av dette landskapet.

### ***4.1 Landskapsregion og sær preg***

Nedbørsfeltet er dominert av den mektige og særprega Nærøyfjorden som representerer eit ekstremt natur- og kulturlandskap. Vassdraget peikar seg ikkje ut som referanseområde isolert sett, men må sjåast i samanheng med heile området rundt Nærøyfjorden. Nærøyfjorden er eit stort intakt fjordlandskap som er lite påverka av tekniske inngrep (17).

Landskapet er typisk for regionen. Regionen er prega av iseroderte dalføre som er hengande i forhold til fjorden, dalane ender i botnar, fjelltoppane er avrunda og elvane renner i jamne stryk og har relativt få fossar (17).

Nisedalselvi renn i høgfjellet parallelt med Nærøyfjorden. Elva er lite forgreina, men har mange små tilførselsbekkar, særleg på austsida. Løpet er jamt og utan kroker i ein relativt flat dalbotn. Ved kanten av platået skifter løpet retning og ender i eit djupt nedskore gjel (tilpasningscanyon) mot fjorden (24).

NIJOS har gjort ei inndeling av Noreg i 45 landskapsregionar. Desse er igjen delt inn i til saman 534 underregionar (4). Regioninndelinga baserer seg på natur- og kulturgitte tilhøve som blir vurdert samla, men med landskapsform som det viktigaste kriteriet. Området er i all hovudsak omfatta av region 16 (høgfjellsregionen i Sør-Noreg), og region 23 (indre vestlandsbygder), og av underregion 23.01 (Aurland-Flåm-Nærøy) (5).

### ***4.2 Framtredande landskapselement***

Nedst mot fjorden finst eit kraftig gjel eller eit "tilpasningscanyon" (24).

## **4.3 Utvalde delområde og objekt**

### **L1 Utløpet til fjorden**

Elva renn her gjennom eit kraftig gjel, og er eit mektig syn frå fjorden

**Tabell 3** Verdivurdering v/ Landskap

<b>Nr</b>	<b>Namn delområde</b>	<b>Grad.</b>	<b>Hovudkriterium</b>				<b>Støttekriterium</b>			
			H08	H09	H07	H06	S07	S08	S09	S10
L1	Utløpet til fjorden	**	x	x			x			

**NR.** Refererer til lokalitetens nummer på kartet bak i rapporten

**GRADERING** Angir lokalitetens verdi etter en samlet vurdering av hvilke hoved- og støttekriterier som er gjeldende. Gradering skjer etter en 4-delt skala:

\*\*\* Nasjonalt viktig verdi

\*\* Regionalt viktig verdi

\* Lokalt viktig verdi

- Ikke angitt verdi

H08 Heilskap	S07 Urørt
H09 Inntrykksstyrke	S08 Sjeldan eller særprega
H07 Variasjon	S09 Typisk
H06 Sårbart	S10 Historisk dokument

## **5.0 FRILUFTSLIV**

### **5.1 *Friluftsområde***

Det er først og fremst dei lågareliggende områda ned mot Nærøyfjorden som er eigna for varierte friluftsaktivitetar. Fjorden er eigna for båtutfart, og her er mange fine plasser for i-landsting frå båt (fritidsbåt/kano/kajakk) langs landskapsvernområdet, for rasting, soling, bading og fiske. Her kan ein nemne Holmo, Ornes, Klungrenes og Stolen.

Området er lettast tilgjengeleg frå Styvi ved fjorden. Her legg båttrafikken på Nærøyfjorden til på oppfordring. Denne trafikken er lite omfattande på vinteren.

Dei øvste delane av nedbørsfeltet er vanskeleg tilgjengeleg på grunn av dei topografiske forholda. Store delar av vassdraget inngår i Undredal-Grindafletområdet som er foreslått i fylkesdelplan for friluftsliv som eit område som har nasjonal verdi (23). Området er og nemnt i "Registeret for område av friluftsinteresser i alle kommunar i Sogn og Fjordane" (9 s 31).

I "Norsk sti og løypeplan" (2) er nedbørsfeltet til Nisedalsvassdraget plassert i Sone 2a; "Tilrettelagde turområde", og vert difor omfatta av retningslinjene som gjeld for denne sona. (Enkel grad av tilrettelegging; ubetente turisthytter, enkelt rutenett, ingen kvisting i vintersesongen. Enkle suppleringer og nye ruter etter nøye vurdering mot andre naturforvaltingsinteresser).

Eit område med høge natur- og kulturminnekvalitetar er ofte attraktive turområde. Styvi-Holmo landskapsvernområde sin verdi for friluftslivet er stor. Både som ein del av eit større område (Nærøyfjorden), og på grunn av spesielle kvalitetar. Postvegen har stor verdi for friluftslivet, det same har dei mange nesa i området, med Holmo/Holmaviki som kan hende den største perla i Nærøyfjorden (10).

### **5.2 *Hytter, stinett, pilgrimsleder***

Det er tilkomst til dei øvre delane av vassdraget frå Grindaflethytta, som er ein del av DNT sitt rutenett i Vossefjella. Nedbørsfeltet ligg litt utanfor sti-traséen i området.

### **5.3 Naturturisme**

På grunn av dei ekstreme opplevingsverdiane i Nærøyfjorden er fjorden verdskjent, på same måte som Geirangerfjorden (10). Fjorden er derfor ein turistmagnet, og om sommaren blir det hyppig arrangert båt- og ferjeturar på fjorden. Kombinert med togтур med Flåmsbana er dette ein av dei største turistattraksjonane Noreg har.

Nedbørfeltet er altså ein viktig del av eit viktig turistområde, men turistane går sjeldan i land i området.

### **5.4 Jakt og fiske**

Dei siste tre åra er det i snitt gitt 13 hjorteløyve til saman i nedbørfelta til Nisedalselvi og Undredalselvi. Det meste av løyva fell til Undredalsvassdraget, og berre vel halvparten blir teke ut (25).

### **5.5 Utvalde delområde og objekt**

*Delområda er omtalt under kapittel 5.1-5.4.*

#### **F1 Postvegen**

Den restaurerte postvegen er ein attraktiv turveg og fører deg gjennom eit landskap med mange og varierte kulturhistoriske spor. Området er svært rikt på kulturmarkstypar og kulturlandskapselement. Desse elementa ligg i eit storslått naturlandskap, i eit av dei mest særprega fjordlandskapa i landet (14). Postvegen er ein del av "Den Bergenske hovedvei", og er i Fylkesdelplan for friluftsliv registrert som eit friluftsområde av nasjonal verdi (23 s 64). Langs postvegen, frå Styvi til Bleiklindi blir det årleg arrangerast ein marsj. Gardsmuseet på Styvi supplerer den kulturhistoriske sida ved friluftslivet (8).

Postvegen tar deg og til tre FRIDA-område.

FRIDA/Naturbasen: 1421-211. Holmo er båtfartsområde/badeområde med lokal verdi, området er svært høgt prioritert. Dette er ein grøn fin odde med ei småkupert graseng som ligg att som spor etter ein nedlagt gard (9 s 10).

FRIDA/Naturbasen: 1421-211. Odnes er båtfartsområde med lokal verdi, området er lavare prioritert. Dette er eit av dei få områda som er eigna for i-landstiging i Nærøyfjorden (9 s 11).

FRIDA/Naturbasen: 1421-212. Klungernes er båtfartsområde med lokal verdi, området er lavere prioritert. Dette er ein av dei få område som er eigna for i-landstiging i Nærøyfjorden (9 s 12).

## F2 Undredal-Grindafletområdet

Store delar av fjellområda i vassdraget inngår i Undredal-Grindafletområdet (1421-217 i naturbasen) (23).

Delar av området har slake fjell og fint roleg terreng. Området har nasjonal verdi, og er eigna til turar både sommar og vinter. Det er ei rekke merka ruter med tilknyting til Grindaflethytta (DNT). Til Grindaflethytta går det merka DNT-ruter frå Uppsete og Ljosabotn ved Bergensbana, frå Fyre ved Stalheim, frå Flåm og frå Langhuso i Undredalen. Desse turrutene heng saman med DNT's rutenett på Hardangervidda og med turområda rundt Aurlandsdalen (23, 9). Nedbørsfeltet ligg litt utanfor stitraseen i området.

**Tabell 4** Verdivurdering v/Friluftsliv

Nr.	Namn delområde	Grad	Hovudkriterium				Støttekriterium		
			H01	H10	H11	H12	S11	S12	S13
F1	Styvi-Holmo	***		x		x		x	x
F2	Undredal-Grindafletområdet	***	x	x			x		

**NR.** Refererer til lokalitetens nummer på kartet bak i rapporten

**GRADERING** Angir lokalitetens verdi etter en samlet vurdering av hvilke hoved- og støttekriterier som er gjeldende. Gradering skjer etter en 4-delt skala:

\*\*\* Nasjonalt viktig verdi

\*\* Regionalt viktig verdi

\* Lokalt viktig verdi

- Ikke angitt verdi

H01 Urørt                            S11 Tilgjengeleg  
H10 Oppleving                        S12 Naturkvalitet  
